



# **INDIVIDUELT TILRETTELAGT BARNEHAGETILBOD FOR BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**



# INNHOLD

1. Nedsett funksjonsevne - definisjon.....	3
2. Barnehageloven § 37 .....	3
3. Skildnaden mellom § 37 og § 31 .....	4
4. Kva er kommunen sitt ansvar? .....	4
5. Kva er barnehagens ansvar? .....	4
6. Kva utløyser tilretteleggingsmidlar?.....	5
7. Kva kan tilrettelegginga gå ut på? .....	5
8. Saksgang.....	6
9. Tiltak .....	7



# 1. NEDSETT FUNKSJONSEVNE - DEFINISJON

Nedsett funksjonsevne er definert som «tap av, skade på eller avvik i en av kroppens psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjoner» (NOU 2011:22). Det kjem fram av diskriminerings- og tilgjengelighetsloven at omgrepene omfatter fysiske, psykiske og kognitive funksjoner.

Omgrepet nedsett funksjonsevne omfatter altså ulike fysiske funksjonsnedsettingar, utviklingshemming, språk – og talevansk, åtferdsvansk og psykiske lidingar.

Sjølv om omgrepene nedsett funksjonsevne skal forstås vidt, er det lagt til grunn i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven at tilretteleggingsbehovet *må være av en viss varighet og styrke for at den skal kunne begrunne et krav om individuell tilrettelegging* (Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) s. 180). Det betyr at kortvarige funksjonsnedsettingar fell utanfor.

Personar med nedsett funksjonsevne er gjennom nasjonal lov og internasjonale konvensjonar sikra rett til å kunne delta i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske. Det betyr at barn med nedsett funksjonsevne skal ha mulighet til å delta i barnehagen i like stor grad som funksjonsfriske barn. Det følger av FNs konvensjon om barns rettigheter (Barnekonvensjonen) *at barnets beste skal være et grunnleggande hensyn ved alle avgjørelser som handler om barn*.

## 2. BARNEHAGELOVEN § 37

«Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagertilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagertilboden til barn med nedsatt funksjonsevne»

§ 37 er enkeltvedtak om kommunen si tilrettelegging av barnehagertilboden for eit namngitt barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen.

Tilrettelegging av barnehagertilboden er en individuell rett for det enkelte barn. Kommunen må derfor fatte enkeltvedtak i slike saker, jf. forvaltningsloven § 2 b). Regelen i barnehageloven § 37 trådde i kraft 1. august 2016, men plikta har vore regulert i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven tidlegare. Reglene skal bli likt forstått etter begge regelverk, og praksis fra Likestillings- og diskrimineringsombudet er derfor relevant for forståinga av bhgl. § 37. Forvaltningsloven § 17 stiller likevel eit generelt krav til forsvarleg utredning av saker der det skal fattast vedtak. Barnet sine føresette har rett til å gjøre seg kjent med dokumenter i saka og til å uttale seg før endeleg vedtak.

Kommunen må sikre at alle vedtak om tilrettelegging er forsvarleg utreda og begrunna jf. krava i forvaltningsloven § 17 og §25

Kva kan eit vedtak etter § 37 være:

- Kompetanseheving hos dei tilsette
- Fysiske endringar
- Leiker for til dømes synshemma
- Støttepedagog
- Ekstraressurs i form av ekstra bemanning

### **3. SKILDNADEN MELLOM § 37 OG § 31**

Skilje mellom tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp

Målsettinga med tilrettelegging etter barnehageloven § 37 er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet, men å bygge ned barrierane i barnehagen som gjer at barnet ikkje kan nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn. Sakkunnig vurdering og IuP er difor ikkje knytt til vedtak om tilrettelegging.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven § 31, er å gi barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklege og sosiale ferdigheter. Dette til forskjell frå tilrettelegging, der formålet er å tilpasse omgivnadane til barnet, slik at barnet kan bruke barnehageplassen sin.

### **4. KVA ER KOMMUNEN SITT ANSVAR?**

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt og tilrettelagt barnehagetilbud. Barn med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i barnehagen på lik linje med andre barn. Kommunen si plikt til å tilrettelegge gjeld for barn med nedsett funksjonsevne, som er busett i kommunen og som har barnehageplass. Kommunen skal fatte enkeltvedtak, jf. fvl. kap. IV og V.

Vedtak om tilrettelegging etter barnehageloven § 37 skal bli gitt til barn som har behov for ei meir omfattande tilrettelegging av barnehagetilbodet enn det som kan bli gitt innafor det ordinære barnehagetilbodet. Kommunen si plikt til å tilrettelegge blir slik avgrensa mot barnehageeigar si plikt og ansvar for tilrettelegging innafor det ordinære barnehagetilbodet.

Sentralt i denne vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetting av ein slik art at det hindrar barnet i å bruke barnehageplassen sin på lik linje med andre barnehagebarn. Her må kommunen gjere ei skjønnsmessig og konkret vurdering.

Vurderingar som må belysast:

- Kva er barnet si nedsette funksjonsevne
- I kva grad kan barnet få hjelp innafor det ordinære barnehagetilbodet
- I kva situasjonar treng barnet meir støtte for å kunne nyttiggjere seg det ordinære tilbodet.
- Korleis skal tilrettelegginga organiserast.

Dette stiller krav til at kommunen, på ein god og forståeleg måte, viser korleis dei har vurdert lova sine vilkår. Gode vurderingar krev at kommunen får saka godt nok opplyst.

### **5. KVA ER BARNEHAGENS ANSVAR?**

«Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur...» (Barnehageloven §2 – Barnehagens innhold)

«Barn under opplæringspliktig alder er ikke en ensartet gruppe, og barn møter barnehagen med ulike forutsetninger. Likeverdige barnehagetilbod av god kvalitet krever derfor individuell tilrettelegging av tilbodet og lokal tilpasning av innholdet.

Barnehagens innhold skal utformes slik at det kan oppleves meningsfullt for det enkelte barn og gruppen. Barnehagens omsorgs- og læringsmiljø skal fremme barns trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd. Barnehagen må gi det enkelte barn støtte og utfordringer ut fra egne forutsetninger, og bidra til et meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og voksne. (...».

Dei to paragrafane utløyser ulike plikter for kommunen og ulike rettar for barnet. Det er difor viktig at kommunen gjer vedtak etter rett lovparagraf. For barn som har rett til både tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp, skal kommunen gjere to separate vedtak for barnet, begge med eigen klagerett.

Dersom barnet treng tilrettelegging for å kunne ta i bruk det ordinære barnehagetilbodet, har kommunen ei plikt til å gjere vedtak som sikrar at barnet får eit eigna individuelt tilrettelagd tilbod etter barnehageloven § 37. (Statsforvaltaren)

## **6. KVA UTLØYSER TILRETTELEGGINGSMIDLAR?**

I følge barnehagelova er det ikkje alle funksjonsnedsettingar som gjer rett til communal støtte/tilrettelegging. Derfor må ein sakkyndig instans vurdere om funksjonsnedsettinga og dei konsekvensane dette medfører for barnet skaper eit behov utover det ordinære tilbodet.

Ein diagnose i seg sjøv utløyser ikkje tilretteleggingsplikt. Ein må vurdere kvar sak individuelt i forhold til barnehagen si eiga tilrettelegging, dagsrytme og behov for tilrettelegging.

Det er individuelle forskjellar mellom barn utan at det på grunn av dette er tale om funksjonsnedsetting. Forhold som ein ser på innafor normalvariasjonen i småbarnsalderen vil felle utanfor. Sentralt i denne vurderinga er om barnet har ei funksjonsnedsetting av ein slik art at det hindrar barnet i å bruke barnehageplassen sin på lik linje med andre barnehagebarn. Dersom kommunen kjem til at barnet har nedsett funksjonsevne, må det konkretiserast i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når barnet treng tilrettelegging, og korleis tilrettelegginga skal bli utført.

## **7. KVA KAN TILRETTELEGGINGA GÅ UT PÅ?**

Tilrettelegginga skal medverke til at barnet skal kunne gå i barnehagen og nyttiggjøre seg av barnehagetilbodet og få likeverdige aktivitets- og utviklingsmoglegheiter som andre barn.

Dersom barnet ikkje kan få tilstrekkeleg tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet, er det kommunen som er ansvarleg for å tilrettelegge barnehagetilbodet.

Tilrettelegging kan vere endring av bygg for å tilpasse til barnet sine behov eller støtte til utstyr som barnet treng for å dra nytte av barnehagetilbodet. Tilrettelegging kan vere ekstra bemanning, opplæring av tilsette eller andre tiltak som er nødvendige.

Kva barnet har behov for må bli vurdert konkret i kvar einskild sak. Det må vurdere kva situasjon barnet er i og kva nytte tiltaket vil ha for barnet. Dei konkrete tilretteleggingstiltaka skal vere hensiktsmessige, for å imøtekommne behova barnet har.

Kommunen kan velje blant ulike effektive tilretteleggingstiltak for å gje eit best eigna tilbod utifrå barnet sitt behov. Dette skal midlertid skje i samråd med barnet sine føresette. Barnet sitt beste skal ligge til grunn i vurderinga. Kommunen skal i størst mogleg grad fremme inkludering og unngå segregering av barn med nedsett funksjonsevne.

*At et barn har nedsatt funksjonsevne er ikke ensbetydende med at barnet trenger særskilt tilrettelegging. Det er viktig å være bevisst at barnets tilretteleggingsbehov i noen tilfeller vil kunne avhjelpes ved at de ordinære omgivelsene og det ordinære tilbudet utformes på en måte som gjør at tilbudet kan brukes av alle på en likeverdig måte. (Udir)*

Dersom barnet sine behov endrar seg, må det bli gjort ei ny vurdering om barnet har behov for meir eller anna type tilrettelegging. Dersom behovet for tilrettelegging fell bort, vil ikkje kommunen lenger ha nokon plikt til å tilrettelegge barnehagetilbodet.

## 8. SAKSGANG

Handling:	Ansvar:
Ved bekymring i barnehagen om eit barn har nedsett funksjonsevne: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Saken vert drøfta på besøksdagen. Barnehagefagleg rådgjevar vert invitert med.</li> <li>- Sette opp tiltaksplan</li> <li>- Gå gjennom lista over tiltak som ligg under punkt 9.</li> </ul>	Barnehagen
Føresette søker om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Dokumentasjon vert vedlagt	Føresette
Barnehagen fyller ut vedlegg til søknadsskjema med ei nærmare grunngjeving for kvifor barnet treng tilrettelegging. Dokumentasjon vert vedlagt  For at det skal fattast vedtak som gjeld i frå 1. august, må melding om behov vere sendt inn før 20. mai.	Barnehagen
Barnehagefagleg rådgjevar fattar vedtak på vegne av kommunalsjef oppvekst.  Dersom det ikkje fattast vedtak innan tre veker etter motteke melding, vert det sendt eit midlertidig svar til føresette og barnehage.	Barnehagefagleg rådgjevar
Foreldre har tre veker klagefrist på avslaget/vedtaket. Klaga skal sendast til barnehagefagleg rådgjevar i kommunen.	Foreldre
Dersom klaga ikkje vert tatt til følgje, vert den vidaresendt til statsforvaltaren i Vestland.	Barnehagefagleg rådgjevar

# 9. TILTAK

## Tiltak som bør prøvast i barnehagen

Tiltak	Skildring
Visuell støtte	For å gje barnet ein oversiktleg og forutsigbar kvardag bør det ordinære barnehagetilbodet innehalde dagstavle og visuell støtte i konkrete overgangar.
Inndeling av barnegruppe	Barn profitterer på å struktur på dagen der barna er inndelt i små grupper med vaksne tett på.
Relasjonsbygging	Dei vaksne sin relasjon til barnet kan vere ein avgjerande faktor for ein uønska åferd hos barnet. Vurder korleis dei vaksne sin relasjon er til barnet. Barnet si stemme skal verta høyrt.
Struktur i organiseringa	Observer og vurder organiseringa i dei ulike aktivitetane ein har i løpet av ein kvardag. Tips: Få gjerne ein i frå ei anna avdeling inn for å observere. Garderoben: Er det for mange barn i garderoben på same tid? Er det noko som barnet ikkje meistrar i påkledninga? Likar barnet seg ute?
Barnesamtale	Høyr barnet si stemme og kva det barnet strevar med. Set opp faste samtaler mellom ein fast vaksen og det aktuelle barnet, ein gang i veka og over ein periode. Bygg gode relasjonar i fredstid. Tips: boken «barnesamtaler» av Emilie Kinge
Observasjon over tid	Observer dei aktivitetane som er vanskeleg for barnet. Kva er den utløysande faktoren. Skriftleggjer observasjonane og bruk dei på ped.møter/avdelingsmøter
Det fysiske miljøet	Observer det fysiske miljøet rundt barnet? Er det mykje støy? Mykje synsintrykk? Er det eit inspirerande leikmiljø? Kor står leikene? Er det uoversiktleg på avdelinga?
Samtale med foreldra	Tidleg i bekymringa bør det vere ein samtale med foreldra. Denne samtalen er for å høyre om deira oppleving av barnet. Kva er barnet sine styrkar? Kva er observert? Er det noko ein kan jobba med i fellesskap, saman med foreldra?
Meistring	Bygg dagen på aktivitetar som gjer at barnet føler meistring. Observer og samtal med barnet om kva barnet likar å leike med.
Kompetanseheving	Kva er det dei tilsette synes er utfordrande hos enkelte barn? Søk rettleiing og ei felles kompetanseheving på det aktuelle temaet.
Vaksenrolla	Korleis er dei tilsette på avdelinga? Er dei tilstede i leiken? Er dei tett på barna og engasjert i barna? Eller er det andre tilsette som er i fokus? Kva Barnesyn har den enkelte vaksne? Har barnehagen eit felles Barnesyn? Korleis arbeider avdelinga med rammeplanen? Har barnehagen/avdelinga ein kompetanseutviklingsplan?
Besøksdag/ressursteam	Har avdelinga drøfta vanskelege situasjonar på avdelinga på besøksdagen eller med ressursteamet?